



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
Rosslandsvegen 364  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/4416 - 22/93856

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
08.12.2022

## Ferdigattest - tilbygg til bustad gbnr 310/108 Holme

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1408/22  
**Tiltakshavar:** Maren Bruflot Slettevold Jensen  
**Ansvarleg søkjar:** Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til bustad på gbnr 310/108 Holme.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/4416 datert 30.08.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.12.22.

### Skildring

Adresse:	Håstølen 12 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Tilbygg til bustad
Bygningsnummer:	9852522
Bruksareal:	53,5 m2

Avlaup:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4416

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Bjørn Karl Jensen	Håstølen 12	5918	FREKHAUG
Maren Bruflot Slettevold Jensen	Håstølen 12	5918	FREKHAUG

### Mottakarar:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Rosslandsvege n 364	5918	FREKHAUG
--------------------------------------	------------------------	------	----------